

Stranda Kommune,  
Teknisk Etat,  
6200 Stranda.

## **BILPLASSAR**

**VEDTEKTER TIL PBL § 69 for STRANDA KOMMUNE.**

## VEDTEKTER FOR BILOPPSTILLINGSPLASSAR.

### 1. Generellt.

I byggje- og reguleringsplanar skal det visast plass for dei anlegga som er nemde i § 69 pkt. 1. I den grad behovet for slike anlegg er dekket, må dette dokumenterast. Anlegga skal visast med køyreveggar, gangveggar og friareal.

### 2. Biloppstillingsplassar

#### 2.0 Generellt.

Framlagde vedtekter er retta mot eigar. Ved eventuell seksjonering, så vil det fylje med antall parkeringsplassar som var krav til seksjonen ved byggjemelding.

#### 2.1 Bustadbygg - Einebustader.

Bustadbygg skal ha oppstillingsplass for 2 bilar pr. bueining. For hybelhusvære/hybel er kravet 1 plass pr. eining. For kjellarleilighet gjeld 1 plass pr. eining.

#### 2.2 Bustadbygg (Rekkehus, Blokker, Leilighetskompleks m.m.)

Bustader i denne type bygg skal ha 1 1/2 oppstillingsplass pr. bueining.

#### 2.3 Forretningsbygg, kontor o.l.

Forretningsbygg, kontor o.l. skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 50 m<sup>2</sup> brutto gulvflate. I tillegg kjem naudsynt lasteareal for laste- og varebilar etter HPT sitt skjønn.

#### 2.4 Industri, verkstad- og lagerbygg.

Industri-, verkstad- og lagerbygg skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 100 m<sup>2</sup> brutto gulvflate.

Bilverkstad og servicestasjon skal ha oppstillingsplassar for 3 bilar pr. 100 m<sup>2</sup>.

I tillegg kjem naudsynt lasteareal for vare- og lasteareal etter HPT sitt skjønn.

#### 2.5 Hotell

Hotell skal ha oppstillingsplass for 2/3 bil pr. rom. Ungdomsherberge og liknande bygg med mindre krav til parkering, skal ha oppstillingsplassar etter HPT sitt skjønn.

#### 2.6 Resturanter, Kafear o.l.

Resturanter, kafear o.l. skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 8 sitjeplassar

#### 2.7 Skular/Barnehagar

Skular og barnehagar skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. ansatt.

I tillegg skal vidaregåande skular, høgskular o.l. ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 5 elevar. For denne type skular kan HPT i særleg tilhøve fastsetje eit høgare tal elevar pr. bilplass.

### **2.8 Alders- og sjukeheimar o.l.**

Alders og sjukeheimar o.l. skal ha ein oppstillingsplass pr. sengeplass med tillegg for ein plass pr. ansett.

### **2.9 Forsamlingslokaler.**

Forsamlingslokale, (teater, kino, kyrkjer, bedehus, ungdomshus, kulturhus) skal ha biloppstillingsplassar etter HPT sin vurdering. Talet på plassar skal ikkje vere mindre enn 1 plass pr. 20 plassar og ikkje meir enn 1 plass pr. 5 sitjeplassar.

### **2.10 Andre bygg og anlegg.**

Andre bygg og anlegg skal ha oppstillingsplassar etter HPT sin vurdering og etter dei opptrekte retningslinjer for andre bygg under pkt. 2.

### **3.0 Tilbygg og påbygg.**

For tilbygg/påbygg gjeld kravet frå pkt. 2 for dei delar av bygget som arbeidet omfattar.

### **4.0 Ombygging**

Hovedombygging eller delvis ombygging som fører til behov for fleire biloppstillingsplassar, vil bety at retningslinjene i pkt. 2,0 til 2,10 blir gjeldande.

### **5.0 Bruksendring.**

Skal bygninga, eller deler av denne, etter hovedombygging eller delvis ombygging nyttast til anna formål enn tidlegare, må det sikrast areal for nye biloppstillingsplassar dersom det nye bruksføremålet etter pkt. 2 gjer det naudsynt med fleire biloppstillingsplasser enn tidlegare bruksføremål.

Talet på nye oppstillingsplassar skal setjast til differansen mellom det tal som etter pkt. 2 blir kravd for nytt føremål og kravet etter tidlegare bruksføremål.

Dersom det ikkje har vore krav biloppstillingsplassar tidlegare, skal nytt bruksføremål gjerast gjeldande.

Ein viser her til PBL §69, nr.5

### **6.0 Frikjøp.**

HPT kan samtykke i at det i staden for bil oppstillingsplassar på eigen grunn eller på fellesareal blir innbetalt ein sum pr. manglande plass til kommunen for bygging av offentlege parkeringsanlegg.

Kommunestyret vedtek kva satsar som skal gjelde. Den vedtekne summen skal vere innbetalt før byggjearbeida tek til.

Der det vert gjort bruksendring av bygg, med lavare krav til antall parkeringsplassar, vert det ikkje tilbakebetalt for differanse mellom ny og gamle krav, dersom ein har kjøpt seg fri for antall parkeringsplassar.

## **7.0 Godkjenningar.**

Sist revidert : 06.07.98

Godkjennd HPT: 25.06.98

Godkjennd Kommunestyret: 02.09.98

Gjeldande frå 02.09.98